

Møteprotokoll

for

Plan- og kommunalteknisk utval

Møtedato: 27.09.2023
Møtestad: Heradsstyresalen - Rådhuset Lonevåg
Møtetid: kl. 13:00 - 15:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Aksel Mjøs	H	Utvalsleiar
Øyvind Litland	AP	Nestleiar
Alf Terje Mortensen	FRP	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Kjellaug Hartveit	SP	Medlem
Marit Adelsten Jensen	MDG	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstattar medlem
Johannes Haugland	SP	Kjellaug Hartveit
Johannes Seim Mjelde	V	Marit Adelsten Jensen

Følgjande frå administrasjonen møtte: Kommunalsjefen for samfunnsutvikling, leiar for teknisk forvaltning og politisk-adm.sekretariat

Sakliste

Saknr	Tittel
079/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
080/23	Godkjenning av møtebok
081/23	Delegerte saker
082/23	145/7 Nordre Reigstad - Søknad om dispensasjon for oppretting av ny grunneigedom - plankrav og avstand til nabogrense for tilkomstveg - handsaming av klage
085/23	1. gong handsaming Detaljregulering Øvre Klubbelia - PlanID 4630_2021003
084/23	Andre saker/spørsmål
083/23	Refleksjonar rundt arbeidet i Plan- og kommunalteknisk utval 2019-2023 og overføring til nytt planutval for 2023-2027

079/23: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

27.09.2023 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Alf Terje Mortensen varsla slike spørsmål under sak 084/23: ein jordlovssak på Vestre Kleppe frå 2018, ein sak om tvangstilkobling på Bysheim og ein sak om dispensasjonsaker på frådelte parseller frå gamalt av.

Utvalsleiaren varsla at han i forkant av møte har levert 2 spørsmål skriftleg til administrasjonen: om fartsgrense på Heldal-Hosanger og status på arbeid på Veseth gjelet. Desse vert svart ut under sak 084/23.

Det var elles ingen merknader til innkalling og saksliste

PL - 079/23 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

080/23: Godkjenning av møtebok

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Møteprotokoll frå 30.08.2023 vert godkjend.

27.09.2023 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Det var ingen merknader til møtebok

PL - 080/23 VEDTAK:

Møteprotokoll frå 30.08.2023 vert godkjend.

081/23: Delegerte saker

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Melding om delegerte vedtak vert teken til vitande.

27.09.2023 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Det var ingen merknader til dei delegerte sakene

PL - 081/23 VEDTAK:

Melding om delegerte vedtak vert teken til vitande.

082/23: 145/7 Nordre Reigstad - Søknad om dispensasjon for oppretting av ny grunneigedom - plankrav og avstand til nabogrense for tilkomstveg - handsaming av klage

Kommunedirektøren sitt framlegg:

"Kommunen sitt vedtak av 14.08.2023 saknr. 229/23 vert oppretthalde. Klage motteken 01.09.2023 vert ikkje teke til fylgje. Saka vert send til Statsforvaltaren i Vestland for vidare handsaming, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33."

27.09.2023 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Utvallsleiaren satte fram slikt utsettingsframlegg:

Saka vert utsett for synfaring i forkant av neste møte i utvalet. Sakshandsamingsfristen vert forlenga til 15.11.2023, jf. vedtak om synfaring, jf. forskrift om byggesak § 7-3, 1. ledd.

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

PL - 082/23 VEDTAK:

Saka vert utsett for synfaring i forkant av neste møte i utvalet. Sakshandsamingsfristen vert forlenga til 15.11.2023, jf. vedtak om synfaring, jf. forskrift om byggesak § 7-3, 1. ledd.

085/23: 1. gong handsaming Detaljregulering Øvre Klubbelia - PlanID 4630_2021003

Kommunedirektøren sitt framlegg:

«Forslag til reguleringsplan for Øvre klubbelia planID 4630_2021003 med plankart datert 04.09.23, føresegner datert 05.09.23, planskildring datert 04.09.23 – med tilhøyrande dokument vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan-og bygningslova § 12-10. Før planen vert lagt ut til høyring må følgjande rettast: Det må lagast ei føresegn som krev at det vert gjort

nødvendige tiltak m.o.t. overflatevatn etterat feltet er bygd ut»

27.09.2023 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Johannes Haugland, SP, satte fram slikt tilleggsframlegg:

"Utvalet er oppteken av at massehandteringa i planen er fullt ut i samsvar med krava til massehandtering i kommunen sin samfunnsplan, side 24."

AVRØYSTING:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

Johannes Haugland, SP, sitt tilleggsframlegg vert samrøystes vedteke

PL - 085/23 VEDTAK:

Plan- og kommunalteknisk utval vedtek slik innstilling:

Forslag til reguleringsplan for Øvre klubbelia planID 4630_2021003 med plankart datert 04.09.23, føresegner datert 05.09.23, planskildring datert 04.09.23 – med tilhøyrande dokument vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan-og bygningslova § 12-10. Før planen vert lagt ut til høyring må følgjande rettast: Det må lagast ei føresegn som krev at det vert gjort nødvendige tiltak m.o.t. overflatevatn etter at feltet er bygd ut.

Utvalet er oppteken av at massehandteringa i planen er fullt ut i samsvar med krava til massehandtering i kommunen sin samfunnsplan, side 24.

084/23: Andre saker/spørsmål

27.09.2023 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Svar på spørsmål frå sist møte 30.08.2023:

Kjellaug Hartveit, SP, hadde slikt spørsmål:

Eg har teken dette opp før og kan ikkje sjå at det har vorte gjort noko. Kan ikkje bompengebuene på Sakslivegen verte fjerna no når vegen er kommunal?

Kommunalsjefen ga slikt svar: Bompengebuene på Sakslivegen er tenkt fjerna. Det er tatt høgde for dette i avtaler inngått, og dei står no og på 'kommunal' grunn. Dei vil bli fjerna ein av dei næraste dagane av kommunen.

Øyvind Litland, AP, hadde slikt spørsmål:

Kva er status på reguleringsplanen for Haus? Kommunalsjefen ga slikt svar: Denne saka vart teken opp og svart ut i Heradsstyret den 20.09.23.

Øyvind Litland, AP, hadde slikt spørsmål:

Kva er status for bustadprosjektet Tribunebakken på Valestrand? Kommunalsjefen ga slikt svar: Tiltakshavar/eigar har ikkje lukkast med å realisere bygget iht opprinneleg plan. Det har vore vanskeleg å oppnå tilstrekkeleg førehandssal til å realisere prosjektet. Eigar ser for tida på alternative

løysningar i nedskalert format. Kommunen avventer evt. nye søknader på eit alternativt prosjekt på tomte.

Øyvind Litland, AP, hadde slikt spørsmål:

Det ligg to leidningar synleg på land eller i fjæra ved Sanatoriet i Mjeldavatnet i Haus. Kva gjer ein med dette? Kommunalsjefen ga slikt svar: Kommunen vil etter nærare inspeksjon sannsynlegvis fjerne den eine leidningen, og forbetre plassering/forankring av den andre leidningen.

Spørsmål løfta i møtet 27.09.2023

Utvalseiaren hadde slikt spørsmål:

Korleis får vi gjennomført redusert fartsgrense Heldal - Hosanger?

Kommunalsjefen ga slikt svar:

Osterøy kommune har no motteke førespurnad om uttale frå Statens vegvesen – frist 5.10.23. Skiltplan som innstilt frå VLFK vert godkjend om ingen innspel.

Eit innspel på å flytte 50m skiltet nokre meter lenger opp/nord slik at avkøyrse til Refsneset vert inkludert i 50-sonen er motteken. Planutvalet var positiv til dette innspelet.

Gjennomføringa skjer etter vedtak føreligg, og ansvarleg er vegeigar (VLFK). Erfaringa er at det ikkje går for lang tid frå endeleg vedtak føreligg til gjennomføring av vedtaket.

Frå planutvalet vart det og stilt spørsmål ved fartsgrensa i Børo (Hosanger) med referanse til vedtaket i Heradsstyret. Administrasjonen vil følgje opp den saka vidare.

Utvalseiaren hadde slikt spørsmål:

Kva er status i Veseth gjelet, når vert arbeidet fullført og to felt opna?

Kommunalsjefen ga slikt svar:

Under arbeid med borehol under vegen iht opphøveleg plan fekk ein utfordringar med at fjellet er for 'dårleg', og at det derfor raste saman inne i boreholet. Opphøveleg plan let seg difor ikkje gjennomføre, og ein måtte sjå på alternativ trase. Dette vart gjort, og grave- og framføringsløyve for alternativ trase vart motteken frå fylket fredag 22.9. Me har no prosjektert ferdig og vil starte opp att arbeidet omgåande. Me reknar ein månad forseinking grunna dette, og planen er no asfaltering siste veka i oktober og normal trafikk etter det. Me legg ut info på heimesider ein av de næraste dagane.

Alf Terje Mortensen, FRP, hadde slikt spørsmål:

Det gjeldt ein jordlovssak frå 2018 på Vestre Kleppe, GBnr 100/3 om eit landbruksareal som ikkje er i drift. Nabo til 100/3 har sendt førespurnad om å teke dette i drift i 2018 med purringar i 2020 og i april 2023. Kan denne saka verte svart ut.

Kommunalsjefen ga slikt svar:

Dette skal vi sjå på og kome tilbake til.

Alf Terje Mortensen, FRP, hadde slikt spørsmål:

Heradsstyret har handsama ein tvangskopling til VA på Bysheim. Der må kommunen ta kontakt med grunneigar som eig rundt dette anlegget. Det er nødvendig med litt folkeopplysning i saka grunna mykje rykte.

Kommunalsjefen ga slikt svar:

Denne kjenner vi godt til og vi hadde seinast sist veke ein diskusjon i saka. Det har vore skissert ulike løysingar, men det er krevjande og mange omsyn som må takast med i vurderinga i denne saka. Vi har ikkje eit svar pr i dag, men vi kjem til å ta kontakt med eigarar og grunneigarar i saka og vil prøve å få til ein avklaring eller løysing.

Alf Terje Mortensen, FRP, hadde slikt spørsmål:

I kommunen er det svært mange bustadhus som står i det som er definert som LNF område. Mange av desse vart bygd før LNF føremålet kom.

Når desse eigedomane skal gjere tiltak vert dei idag nøydde til å søkje om dispensasjon, trass i at området de facto er omdisponert frå LNF føremålet. Dette medfører unødige kostnader for tiltakshavar då eigedomar idag i byggefelt vil kunne gjere mykje utan å søkje ein gang. Heradsstyret gjorde i si tid eit einstemmig vedtak om at dette skulle implementerast i kommunen sine system, slik at det vart slutt på denne typen saker.

Korleis kan dette i praksis løysast, og når kan me vente at det vert gjort?

Kommunalsjefen ga slikt svar:

Dette skal vi sjå på og kome tilbake til.

Orientering om framdrift for Kommuneplanen sin arealdel (KPA)

Leiar for teknisk forvaltning gav ei kort orientering om arbeidet med rullering av kommuneplanen sin arealdel:

Det er no 4 tilsette ved planeininga og alle arbeider med ulike delprosjektet innanfor KPA-rulleringa. Arbeidet skjer med grunnlag i vedteken planstrategi.

Overordna er målsettinga å sende forslag til ny KPA på høyring innan juni 2024.

Denne hausten er det vurdering av arealinnspel, KU og ROS-analyse, tilhøvet til eksisterande planar (harmonisering) og arealrekneskap som tek mykje tid.

Parallelt pågår arbeid med registrering av kulturmiljø/kulturminne, arbeid med plankart, føresegner og retningslinjer.

Administrasjonen vil prioritere tidleg kontakt med Statsforvaltar og andre regionale styresmakter for å avklare eventuelle konfliktpunkt og få innspel til arbeidet. I tillegg vil ein prioritere informasjon og møtepunkt med politisk nivå.

PL - 084/23 VEDTAK:

Det vert ikkje gjort noko vedtak i saka

083/23: Refleksjonar rundt arbeidet i Plan- og kommunalteknisk utval 2019-2023 og overføring til nytt planutval for 2023-2027

Kommunedirektøren gir ikkje framlegg til vedtak i saka

27.09.2023 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Utvalet hadde slik merknad:

- Delegasjonsreglement og gjennomgang av dette: Det er viktig at utvalet raskt vert gjort kjent med kva dei har ansvar for og ikkje. Det kjem inn mange nye, og det er viktig at dei får ein god start med å vite kva ansvar dei faktisk har i dei ulike sakene.

- Frådelingssaker der det er krav om dispensasjon frå både plan og bygningslova og jordlova må leggst samla fram for utvalet.

- Dispensasjonssaker: Me har mange eigedomar som ligg idag i LNF. fleire av desse er "feilaktig" fått denne definisjonen. Dette fører til at desse eigedomane ikkje har same anledning til bygningsmessige tiltak som det ein har i regulerte bustadområde. Heradsstyret gjorde i si tid vedtak om at det skulle takast inn eit punkt i føresegnene om at lovendinga som vart gjort under regjeringa Solberg skulle gjelde alle bebygde eigedommar på Osterøy. Her må utvalet i samråd med administrasjonen gå gjennom og finne ei løysing som gjer at dette kan tre i kraft etterkvart.

- Vilt: Keep up the good work. få arbeidet inn i tråd med årshjulet i forskrifta. Jobbe aktivt med at alle vedtak som utvalet skal ha, vert lagt fram. Sikre at stamma vert redusert i tråd med vedtekne politiske mål.

Takk for godt samarbeid med administrasjonen, Tore Johan og Arnstein! De har gjort ein strålende jobb så langt, og vi er imponert på kor raskt de har sett dykk inn i saker på kort tid. Det vert lagt merke til rundt i kommunen og vi får stadig tilbakemeldingar frå innbyggjarar som er veldig fornøgd med dykkar innsats. Vi vil ynskje dykk alt godt i arbeidet vidare.

Utvalet stiller seg vidare tilgjengeleg for erfaringsoverføring til nytt utval.

PL - 083/23 VEDTAK:

Det vert ikkje gjort noko vedtak i saka

Til å skriva under møteprotokollen saman med utvalsleiaren vart desse valde: Johannes Haugland og Johannes Seim Mjelde

Lonevåg, 27.09.2023

Runar Ludvigsen
Sekretær